

Forstår Løseth

– Eg kan godt forstå at ein seriøs og ambisiøs historikar som Arnljot Løseth føler det vanskeleg når han møter motstand som totalt manglar fagleg fundament. – Enkelte av prosjektnemnda sine medlemmar har misforstått mandatet fullstendig, seier medlem av prosjektnemnda statsvitar Ingunn Norderval til Sunnmørsposten.

– Ein politisk oppnemnd komite kan sjølvsgatt ikkje skrive Møre og Romsdal si fylkessoga. Det er historikaren sjølv som må ta dei nødvendige standpunkt og som er fagleg ansvarleg for arbeidet. At enkelte av prosjektnemnda sine medlemmar kravde at dei råd måtte følgjast, er ei klar misforståing frå dei-
ra side, seier Norderval.

Norderval seier ho forstår at Arnljot Løseth følte det tungt og vanskeleg å jobbe under eit slikt press.

– Det står resepekt av Løseth sitt arbeid i denne situasjonen, og han hadde



– Eg forstår godt at hitorikar Arnljot Løseth følte det vanskeleg å jobbe med fylkessoga seier Ingunn Norderval.

sjølvsgatt heller ikkje noko val. Kanskje krevst endå klarare og sterkare fokusert at prosjektnemnda berre har ein rådgjevande funksjon, dersom det skal

utarbeidast eit fjerde band av fylkessoga, seier Norderval til Sunnmørsposten.

Ho er dotter av biskopen!

– Stopping svært uvanleg

– Det er svært uvanleg at representantar i politiske nemnder går så langt at dei prøvar å stoppe soge-utgjevingar, seier krigshistorikar og presseman Hans Fredrik Dahl til Sunnmørsposten.

Dahl presiserer at han ikkje kjenner til kva som har gått føre seg under utarbeidinga av fylkessoga i Møre og Romsdal.

– Dersom det er slik at det har vore gjort forsøk på å stoppe fylkessoga, så er dette svært uvanleg. Det er ei gamal historie at forfattarar kan få problem med sine nemnder, men eg kjenner få tilfelle av at ein har prøvd å stoppe heile utgjevinga, seier Dahl til Sunnmørsposten.



Hans Fredrik Dahl kjenner få tilfelle der soger har vore prøvd stoppe av politiske nemnder.